



I går etterlyste vi slått på området mellom grusbana og Geilo. I kveld var leiinga i idrettslaget på plass og igang med slåtten. Ein så rask reaksjon fortener den samme leiing ros for, ikkje minst frå naboane.

Rosen går til Runar Myklebust som stilte med traktor og leiar Bjarne Lilleaas som slo med tohjuls slåmaskin. På biletet er dei i aksjon.

Foto: Kjell Yri

Vi har ikveld også motteke denne meldinga frå leiaren

Idrettslaget eig grusbanan og området oppforbi og skulle sjølv sagt ha slege graset for lenge sidan. Vi kan roe oppsittarane med at graset vil bli knust med ein såkalla beitepussar seinast i neste veke.

Kvn som skal gjera arbeidet reint fysisk er framleis uvisst, men vi ligg i harde forhandlingar.

Klok av skade bør vi minnast på dette tidlegare neste år.